



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Betalingsreglement for gravplassane i Sunnfjord kommune pr 1.1.2025

Vedteke i KFN 02.10.2019 – sak 30/19, sist justert i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd 26.11.24

1. Rett til frigrav

Rett til frigrav i fredingstida* i Sunnfjord kommune har:

- alle som ifølgje folkeregisteret pr. dødsdato var busette i kommunen.
- personar der avdøde grunna sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet - på institusjon eller hjå nære slektningar.

* Fredingstida i Sunnfjord kommune er 20 år, med følgjande unnatak:

- Vevring kyrkjegard: fredingstid 60 år.
- Vassenden gravplass: fredingstid 40 år.
- Blomreina gravplass felt C og D: fredingstid 30 år.

2. Betaling for gravferd

Personar som ikkje er nemnde i punkt 1, må betale kr 7.500 inkl. mva. for kistegrav og kr 2.500 inkl. mva. for urnegrav og barnegrav (under myndighetsalder). I tillegg kjem avgift som ved feste av grav.

3. Feste av grav (*festeavgifta vert fastsett av kommunestyret*)

For feste av grav betaler ein kr 275,- pr. grav pr. år.

Dei som etter gravplassvedtektene har krav på fri grav, betaler ikkje festeavgift i fredingstida.

Dersom reservert grav vert teken i bruk før festetida er ute, vert ikkje innbetalt festeavgift godskriven eller refundert. Det same gjeld ved gjenbruk av grav.

4. Betaling for minnelund

For plass i minnelund betaler ein kr 10.000 inkl. mva. for 20 år. Dette dekkjer namneplate, minnestein og stell. For utanbygds kjem betaling for gravferd og festeavgift i tillegg. Ved forlenging etter 20 år er prisen kr 275 pr år, med minstetid på 10 år. Denne prisen dekkjer stell og festeavgift.

5. Gravstell

Fellesrådet har over fleire år teke på seg stell av graver for kr 1 500 pr år pr grav. Grunna kapasitet tek ikkje fellesrådet på seg nye avtalar, men vil halde fram med gravstell for dei allereie inngåtte avtalane.

6. Andre tenester

Alle prisane er inkl. mva.

Oppretting av gravminne	kr 700
Bolting av gravminne	kr 700
Montering av kantstein	kr 400
Kondolanseprotokoll	gratis, så lenge vi har på lager. Deretter henvise til byrået.
Preludering	gratis
Fjerning av gravminne	gratis
Andre tenester	vurdert etter medgått arbeidstid, timepris kr 500